



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER
Att. Bente Kopperdal Hervik,

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Tingstad, 5557 2031

Nødvendig å søkje om løyve etter forureiningslova for å legge ut skjelsand

Vi viser til e-post av 27. august 2019, der de skriv at de ønskjer å utbetre kommunal badeplass i Munkevika ved å leggje ut skjelsand.

Nødvendig å søkje om løyve

Utlegging av skjelsand for å etablere sandstrand kan krevje løyve etter forureiningslova. For å kunne avgjere saka treng vi fleire opplysningar:

- Lokale tilhøve på plassen det skal etablerast: naturtilhøve, straum etc.
- Dokumentasjon på kvar skjelsanden kjem frå,. Dersom skjelsanden kjem frå område med særskilt biologisk verdi enn staden den skal leggjast ut, kan det vere fare for introduksjon av framande artar.
- Anslått volum skjelsand

I Munkevika er det eit gytefelt for torsk like i nærleiken. Ein søknad må også inkludere informasjon om korleis utlegging av skjelsand eventuelt vil påverke gytefeltet, og informasjon om planlagde avbøtande tiltak.

Sakshandsamingsgebyr

Vi gjer også merksam på at handsaming av søknader etter forureiningslova er gebyrpliktig etter forureiningsforskrifta kapittel 39. Storleiken på gebyret er knytt til kor mykje arbeid Fylkesmannen har med saken. Faste satsar står i forureiningsforskrifta § 39-4. Inkludere derfor fakturaadresse og eventuell referanse i søknaden.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Silje Tingstad
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent